

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no
Deres ref. 202524740

Høyringsvar frå Lysna AS – Endringar i kraftberedskapsforskrifta § 4-1 (Reparasjonsberedskap)

Viser til NVEs forslag til endringar i kraftberedskapsforskrifta § 4-1 om reparasjonsberedskap.
Vi ønskjer med dette å gi våre innspel.
Viser også til høyringsvaret frå Distriktsenergi, som vi stiller oss bak.

1. Behov for å ta omsyn til antal nettkundar, nettklassifisering og samfunnsskrittiske funksjonar.

Lysna AS meiner at kravet om dimensjonering for «to samtidige utfall» er for generelt. Det må også differensierast basert på mellom anna:

- talet på kundar som blir berørt
- klassifisering av aktuelle anlegg
- korleis samfunnsskrittiske funksjonar vert påverka

Dette vil sikra riktigare ressursbruk og ein unngår at nettkundar i enkelte område betalar uforholdsmessig mykje for auka beredskap. Begrunninga i høyringa går på at det i dag er ulike vurderingar i dei ulike nettselskapa og ein vil presisere dette i regelverket, då er det viktig å ha med fleire parameter enn berre to samtidige hendingar.

2. Redundans

Eksisterande, eller nye nettstrukturar med ringkoblingar og alternative koplingsmoglegheiter må kunne reknast som ein del av beredskapen. Desse tiltaka reduserer både konsekvensar og reparasjonstid, og er ofte meir effektive enn å lagre kostbart ekstraustyr som sjeldan vert brukt.

3. Personellsikkerheit ved sabotasje

Vi ser eit aukande behov for klare prosedyrar knytt til tryggleiken for mannskap ved mogleg sabotasje eller uavklarte hendingar. Dette for å ivareta sikkerheten til våre tilsette på best mulig måte. Det er viktig at ansvar for vurdering av desse situasjonane raskt kan kanalisert til rette myndigheter og ansvarshavande, slik at sikkreheitsvurdering vert gjort på rette persmissar.

Vi meiner det bør utarbeidast eigne rettleiarar for risikovurderingar i slike situasjonar, med standardiserte krav til samhandling, tryggleiksvurdering og bistand.

Vi håpar desse innspela vert tekne med i det vidare arbeidet, og at det nye regelverket vil gi ein meir treffsikker, føreseieleg og operativ kraftberedskap.

Med helsing

Tove Hjartnes Fosså
Daglae leiar
Lysna AS